

## Rettleiing til skjema: Pasientreiser – krav om dekning av reiseutgifter

### KVA FÅR EG DEKT?

Du kan ha rett til å få dekt nødvendige utgifter når du skal reise til og frå offentleg godkjend behandling. Hovudregelen er at du får dekt den billegaste reisemåten med rutegåande transport til og frå den nærmaste behandlingsstaden. Avstanden til behandlingsstaden må vere minst tre kilometer, og reisa må koste meir enn lokal minstetakst. **Merk at kravet må sendast inn innan seks månader etter at reisa er gjennomført.**

### 1. Opplysningar om pasienten

Anten du har vore pasient sjølv eller har følgd ein pasient, MÅ dette feltet fyllast ut med personopplysningane til pasienten. Alle krav om dekning av reiseutgifter blir registrerte på pasienten.

### 2. Opplysningar om reisefølgje

Dette feltet fyller du ut dersom du har hatt følgje på reisa (reisene) eller sjølv har vore reisefølgje. Dersom du har vore reisefølgje, må du skrive inn personopplysningane til pasienten i pkt. 1. Anten du har vore pasient eller reisefølgje, må du leggje ved kopi av oppmøtestadfestinga til pasienten og stadfesting frå behandlaren om at det var nødvendig med reisefølgje av helsemessige årsaker. Ver merksam på at det er pasienten som får vedtaksbrevet.

### 3. Reiseutgifter til og frå behandlingsstaden

FRÅ/TIL: Enkelte institusjonar er spreidde på fleire stader. Det er derfor viktig at du skriv adressa til behandlingsstaden.

TUR/RETUR: Set kryss for tur/retur om du har reist fram og tilbake same strekninga, til dømes heimanfrå til behandlingsstaden og tilbake. Dermed slepp du å fylle ut same strekninga to gonger.

REISEMÅTE: Skriv kva framkomstmiddel du har nytta. Dersom du har reist med fleire framkomstmiddel, må du fylle ut ei eiga linje for kvart av dei – til dømes om du har reist både med ferje og buss.

KOR MANGE KM: Skriv inn kor mange kilometer du har køyrt med eigen bil.

BELØP: Fyll ut her dersom du har brukt rutegåande transport.

Ved gjenteken behandling på same staden kan du leggje ved ei oversikt over behandlingane med alle datoar som eige vedlegg. Pass på at behandlaren stadfestar oppmøte for alle behandlingane. Merk at kravet for å få dekt reiseutgifter er at den første behandlinga ikkje må liggje lenger enn seks månader tilbake i tid.

### 4. Utbetaling

Du må oppgi kontonummeret som refusjonen skal utbetalast til. Her kan du velje om utbetalinga for reisa di skal skje til ein annan enn deg sjølv, til dømes reisefølgjet ditt.

Hugs å oppgi namnet på kontoinnehavaren. Igjen – merk at det er pasienten som får vedtaksbrevet.

Det blir ikkje utbetalt beløp som utgjer mindre enn 100 kroner. Dersom det innan seks månader oppstår rett til ytterlegare dekning og summen av beløpa utgjer minst 100 kroner, blir pengane utbetalte.

### 5. Andre reiseutgifter

Du har rett til å få dekt andre nødvendige utgifter i samband med reisa, slik som bompengar og parkering.

## 6. Kost og overnatting

Du har rett til kostgodtgjersle dersom den effektive fråværstida frå heimen overstig tolv timar. Overnattingsgodtgjersle blir dekt ved dokumenterte overnattingsutgifter som du har i samband med reisa. Kost og overnatting blir dekt etter standardsatsar som Stortinget fastset kvart år. Gjeldande satsar finn du på [www.pasientreiser.no](http://www.pasientreiser.no). Ver merksam på at Pasientreiser ikkje dekkjer kost- og overnattingsutgifter mens ein pasient er innlagd, heller ikkje for reisefølget.

## 7. Eventuelle merknader

Merknadsfeltet er meint for tilleggsopplysningar du måtte ha. Har du ikkje nok plass, kan du leggje ved opplysningane på eit eige ark. Har du til dømes hatt utgifter til bompengar i samband med éi av fleire reiser du har ført på skjemaet, er det viktig at du i merknadsfeltet skriv på kva for ei av reisene bompengeutgifta gjeld for. Og på same måten: Dersom du søker kost- og overnattingsgodtgjersle for fleire personar eller for fleire reiser, kan du spesifisere for kvar enkelt reise i merknadsfeltet.

### Tapt arbeidsforteneste for reisefølge

Dersom det av helsemessige årsaker er nødvendig med reisefølge, kan det bli gitt dekning for tapt arbeidsforteneste. Dette blir dekt etter faste satsar. Bruk merknadsfeltet til å seie frå om du søker pengar for tapt arbeidsforteneste. Hugs å leggje ved dokumentasjon frå arbeidsgivaren/rekneskapsføraren på tapt arbeidsinntekt.

### Tapt arbeidsforteneste ved yrkesskade

Har du spørsmål om tapt arbeidsforteneste på grunn av yrkesskade, kan du ringje ☎05515 eller finne informasjon på [www.pasientreiser.no](http://www.pasientreiser.no).

### Eigendelar og frikort

Ved alle pasientreiser må du betale ein eigendel. Du må betale eigendel for kvar veg av reisa. Stortinget fastset eigendelen kvart år. I 2011 er han på 130 kroner. Betaler du eigendelar over eigendelstak 1 (1880 kroner for 2011) for behandling, pasientreiser eller medisinar i løpet av kalenderåret, har du krav på frikort for eigendelstak 1. Då slepp du å betale eigendelar resten av kalenderåret. Når søknaden din for refusjon av utgifter til pasientreise blir behandla, vil eigendelane dine automatisk bli registrerte i frikortregisteret og vere med på å utgjere grunnlaget for frikortet ditt.

### Fritt sjukehusval

Dersom du har valt behandling ved eit anna sjukehus i ein annan helseregion enn den du tilhøyrer, vil du bli trekt ein høgare eigendel som ikkje inngår i eigendelstak 1. Ligg det føre dokumentasjon / tilvising frå spesialist tilsett i helseføretaket i regionen din på at tilsvarande behandling ikkje kan bli gitt i regionen din, blir det trekt ordinær eigendel på reisa.

### Bruk av bil

Hovudregelen er at du får dekt den billegaste reisemåten med rutegåande transport. Skal du få dekt reiseutgifter ved bruk av bil, må du ha dokumentasjon frå behandlaren din på at det er nødvendig av medisinske grunnar. Dersom reiseutgiftene ved bruk av bil er lågare enn reiseutgiftene med rutegåande transport eller det ikkje er tilbod om annan transport på strekninga, kan du få dekt reiseutgiftene ved bruk av bil etter standardsatsar. Reiseavstanden må då vere meir enn 3 km. Ta kontakt med pasientreisekontoret ditt for å få vite om det finst tilbod om annan transport.

## 8. Sjekkliste

Merk at innkallingsbrev ikkje er godkjend oppmøtestadfesting. Oppmøtestadfestinga må innehalde dato, klokkeslett, stempel og signatur frå behandlaren for kvar behandling du søker refusjon for.

### MEIR INFORMASJON?

Sjå forskrift om rett til dekning av utgifter ved pasienters reise for undersøkelse eller behandling (sjuketransportforskrifta) eller [www.pasientreiser.no](http://www.pasientreiser.no).

Dersom du har spørsmål til korleis du skal fylle ut skjemaet, kan du ringje Pasientreiser på ☎05515.